



Hardangerrådet iks



Hardanger

**RÅDSMEDLEMMENE**

**INNKALLING TIL RÅDSMØTE**

**Dato: Torsdag 27.10.2016**

**Klokka 10.00 – 15.00**

**Stad: Heradsstyresalen, Kvam rådhus**

**Møteplanen i Hardangerrådet godkjent 17.09.2015 gjeld som møteinnkalling.**

**Agenda:**

10.00 – 11.30 Sakshandsaming  
11.30 – 12.30 Lunsj  
12.30 – 15.00 Sakshandsaming

**Saker til handsaming:**

HR-sak 46/16 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 52/16.  
HR-sak 47/16 Meldingar  
HR-sak 48/16 Søknad om lanseringsstøtte til filmprosjektet: Kampen om fjordane.  
HR-sak 49/16 Støtteuttale frå Hardangerrådet til Genbank Hardangerfjorden.  
Jfr. Utkast til Statsbudsjett 2017.  
HR-sak 50/16 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.  
HR-sak 51/16 Strategi for vidare arbeid med flytting av statlege arbeidsplassar til Hardanger.  
Drøfting  
HR-sak 52/16 Orienterings- og drøftingssaker

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

**Kinsarvik 21. oktober 2016**

**Jon Larsgard/s  
Rådsordførar**

**Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar**



Møtedato 27.10.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 48/16 Søknad om lanseringsstøtte til kinolansering av filmprosjektet:  
Kampen om fjordane.**

**Saksvedlegg:**

Søknad frå Hardingfilm v/ Geir Netland  
Budsjetts lansering  
FlyerKampen om fjordane  
cv regissør Vigdis Nielsen

**Saksutgreiing:**

Dokumentarfilmen «Kampen om fjordane» skal ha kinopremiere i fleire byar den 11. november. Dette er dokumentarfilmen om kraftlinjesaka i Hardanger.

Filmen er ein viktig dokumentasjon av hendingane rundt kraftlinjesaka. Sjå vedlagte søknad.

Søklar, Hardingfilm søker om kr 50.000,- i lanseringsstøtte frå Hardangerrådet.  
Totalbudsjetts for lanseringa er på kr 245.000,-

**Saksvurdering:**

Kraftlinjesaka førte til at Hardangerkommunane mottok kompensasjonsmidlar på 100 mill. Av desse midlane fekk Hardangerrådet 18 mill som Regionrådet har gjort vedtak om disponering av. Det er framleis noko udisponerte midlar i Kraftlinjefondet, og denne filmen vil vera ein viktig dokumentasjon som kommunane og Hardangerrådet kan ta vare på for komande generasjonar.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet IKS støttar kinolanseringa av filmen «Kampen om fjordane» med kr 50.000,-  
Beløpet vert dekkja gjennom Kraftlinjemidlane.

# HARDINGFILM

Til Hardangerrådet  
5782 Kinsarvik

## **Søknad om støtte til kinolansering av "Kampen om fjordane"**

Hardingfilm søker med dette Hardangerrådet om kr 50 000 lanseringstøtte til dokumentarfilmen "Kampen om fjordane" som skal ha kinopremiere i Oslo, Trondheim, Stavanger og fleire byar den 11. november. Etter regionale førpremierer i vår har filmen vinne Publikumsprisen på Eurodok og er blitt vist på ei rekkje filmfestivalar både i Norge og internasjonalt.

I "Kampen om fjordane" møter me stolte og hardingar med sterk identitet. Synnøve Kvamme frå Granvin har engasjert seg i mastesaka sidan ho var 14 år. Ein annan sentral karakter i filmen er bonden Hans Uglenes som opplever at mastetraséen skal gå rett over familiestølen i Ulvik. Kraftlinjesaka skapte stort engasjement og bevisstgjerung, ikkje berre i Hardanger, men i heile landet. Mastesaka har styrka vestlendingane sin identitet, og minna oss alle på at forvaltinga av den mektige vestlandsnaturen med fjord, fjell og levande bygder har ein verdi også utanfor landegrensene. Filmen er stadig svært aktuell fordi den drøftar viktige demokratiske utfordringar i samband med kontroversielle utbyggingssaker gjennom unik norsk natur og kulturlandskap.

Dette er utgangspunktet for at filmen no skal lanserast på kino over heile landet. Hardingfilm har presentert filmen for Norges Naturvernforbund, Natur & Ungdom, Den Norske Turistforening og Norsk Friluftsliv. Alle desse natur og miljøorganisasjonane vil promotera filmen og samarbeida omkring presentasjon og debatt rundt kinovisningar. Filmen skal vinklast mot lokale naturvernsaker som er aktuelle og har relevans til problemstillingane i filmen. Regissør og hovudrolleinnehavar vil reise til fleire kinoar i landet delta i diskusjonar i presentasjonar i samband med visningane. Fleire organisasjonar og institusjonar blir med og inviterer til samarbeid og debatt. Hardingfilm har positive erfaring med denne strategien i samband med førpremierar på filmen i Førde, Hardanger og på Voss. Norsk Filminstitutt har også utarbeida filmstudieark, og det er planlagt visningar for skuleelevar både i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Regissøren har også turnert med filmen i Den kulturelle skulesekken i Hordaland og fått svært gode tilbakemeldingar frå både elevar og lærarar.

Regissør Vigdis Nielsen har brei profesjonell erfaring frå film og fjernsyn. Ho stod bak den prislønna dokumentarfilmen "Olav H. Hauge - Den andre mannen" og har også laga ei rekkje kortfilmar og dokumentarseriar for barn og unge. Etter fleire år som filmskapar i Bergen og Stavanger har ho no flytta tilbake til heimbygda Ulvik og etablert produksjonsselskapet Hardingfilm AS. Selskapet har fleire filmprosjekt med tilknytning til Hardanger og Vestlandet under utvikling. "Kampen om fjordane" har nytta fagfunksjonar i Hardanger, Bergen og Stavanger og syner at eit filmfagleg samarbeid på Vestlandet kan gi gode resultat. Nils Petter Molværs musikk har også vore med å løfta filmen mot eit internasjonalt format.

Ulvik, 12.10.2016

Geir Netland  
Produsent Hardingfilm

## Lanseringsbudsjett "Kampen om fjordane"

Formgjeving, plakat, brosjyremateriell etc.	15000
Trykking plakat, brosjyrar etc.	20000
Produksjon teaser/trailer	30000
Teksting norsk og internasjonal versjon	25000
Annonsering	50000
Produksjon DCP (digitale kopiar)	30000
Reisekostnadar	35000
Administrasjon	40000
<b>SUM</b>	<b>245000</b>

## Finansieringsplan

Mediefondet Zefyr	100000	OK
Hardangerrådet	50000	Søknad
Sparebankstiftinga Hardanger	25000	OK
Fond for lyd og bilde	25000	OK
Fritt Ord	25000	OK
Eigenfinansiering	20000	OK
<b>SUM</b>	<b>245000</b>	



På kino frå 11. november

# KAMPEN OM FJORDANE

- ein film om kjærleik til naturen



HARDINGFILM i samproduksjon med Filmkollektivet

Regisor: Vigdis Nielsen

Produsent: Geir Netland

Klipper: Erlend Haarr Eriksson

Musikk: Nils Petter Molvær



FOND FOR  
LYD OG BILDE  
Kulturrådet



Sparebankstiftinga  
HARDANGER



# KAMPEN OM FJORDANE

*“Me blir behandla som kriminelle berre fordi me prøver å forsvara  
Hardanger mot dette overgrepet.”*

Synnøve Kvamme (22) er villig til å gå i fengsel for å redde fjella og naturen. Ho vil ikkje ha “monstermaster” gjennom det vakre fjordlandskapet i Hardanger. Trassig kjempar ho mot regjeringas vedtak og Statnett sine planar. Bygdefolket blir møtt med truslar om namsmann og ekspropriasjon. Dette er Davids kamp mot Goliat.

Ikkje sidan protestane mot utbygging av Altaelva, har eit naturinngrep blitt møtt med så sterke reaksjonar. Det som starta som ein kamp for urørt natur utviklar seg til å bli ein kamp for sjølve demokratiet.

Filmskapar Vigdis Nielsen, opphavleg frå Ulvik, har lang erfaring frå TV, kort- dokumentarfilm, m.a. “Olav H. Hauge – Den andre mannen”.

Komponist og musikar Nils Petter Molvær er verdskjent for sin banebrytande kombinasjon av jazz og elektronisk musikk.

Festivalkontakt:

NORWEGIAN  
FILM INSTITUTE

NFI.no

[www.hardingfilm.no](http://www.hardingfilm.no) | Salg: [post@hardingfilm.no](mailto:post@hardingfilm.no)



## Vigdis Nielsen – curriculum vitae

### Regissør, manusforfatter

Prestagarden 2, 5730 Ulvik, Norway

Mobile: +47 90 20 15 88

[vigniels@frisurf.no](mailto:vigniels@frisurf.no)



### Film og fjernsynsproduksjon

- 2016 **Røst**, filmtalentprogram Vestnorsk Filmsenter 2014-2016 – prosjektleder, regissør
- 2015 **Kampen om fjordane** (77') Regi/manus, foto, kinodokumentar, DocPoint Helsinki, Publikumsprisen Eurodok, Dokfilm, NordicDocs, NaturVision Tyskland
- 2014 **Tida** (12') Regi/foto, kunstdokumentar Åse Ljones, Kabuso
- 2012 **Katteslottet** (17') Regi/manus, kortfilm, Nordische Filmtage Lübeck, BUFF Malmø, Kristiansand Int. Barnefilmfestival, Kortfilmfestivalen Grimstad
- 2010 **Solo** (16') Regi, Barnefilmfestivalen i Kristiansand, NFI distribusjon
- 2008 **Olav H. Hauge – den andre mannen** ( 57' ) Manus/regi, dokumentar NRK, Presseprisen Feminafestivalen 2010, BIFF, FIFA Montreal, Minneapolis-St.Paul Film Festival, USA, New York International Film and Video festival, Haugemarkering - Kina, Korea, India
- 2008 **High Hopes** (8 x 25') Serieregissør. Int. Ungdomsdokumentarfilmserie, TV 2, YLE Finland
- 2008 **Pristina Palestina** (50') Regi, manus, foto (delt), dokumentar
- 2007 **Stikk** (17') Regi/manus, NFI distribusjon, Den Norske Filmfestivalen i Haugesund, Stavanger kortfilmfestival (pris for beste skuespillern2007) FICI 2007 (Children Film Festival of Madrid, Giffoni Internationale Film Festival, Kristiansand internasjonale barnefilmfestival., FIFEJ Tunis, og Clermont Ferrond.Frankrike, Cartagena Fim festival Columbia, Plein la bobine/ 6th Sancy Film Festival, Paris (Publikumsprisen, Ungdomsjuryens pris), SVT
- 2005 **Hamid-tilbake** (27') Regi/manus Dokumentar. Undervisningsfilm
- 2003 **Hål i Hjerta** (11') Regi/manus kortfilm.BUFF Malmø, Buster Film Festival, Giffoni Internationale Film Festival, Corto Imola festival , Giffoni Hollywood, Newport children FF, Hong Kong Family Carnival
- 2002 **Jakten på Hjertelykke** (27'), Co-regi NRK. Dokumentar
- 2001 **Feil Nummer** (7') Regi/manus, BUFF Malmø, Olympia International Film Festival Hellas
- 2001 **Norges Framtid** (27' ) Co-regi dokumentar. Produsent Bob Long for NRK
- 1999 **Krem** (TV-serie; 6x30') Regi/ produsent. TV-Vest.
- 1996 **To Conquer the World** (30), Regi/manus/produsent Dokumentar
- 1996 **Mitt Hjerte Brenner**(5') Regi/manus, Kortfilmfestivalen Grimstad
- 1995 **De Finner Oss Aldri** (7'), Regi/manus, Kortfilmfestivalen Grimstad
- 1992 **Fastlåst** (30') Regi/manus/produsent, Sølvroutevinner på ITVA
- 1992 **Vitae Lux** (3') Regi/produsent - Musikkvideo; Ole Edvard Antonsen, NRK

### Film og Tv

- 1997-1999 **Produksjon/ansatt**  
**TV Vest, Stavanger** Prosjektleder, regissør og flerkameraprodusent. Prod. Bla "Sport og nyheter,"**Helg**"(kultur),"**Klipp**" (film) og "**Krem**" Ungdomsmagasin.
- 1990-1995 **Producer i TVP Film og Videoproduksjon.**  
Regi, manus, redigering og produksjonsledelse. Flerkamerascript og innspillingleder. Prod bla: "**Gullfaks en by i havet.**" Vist på NRK og Dokumentar, 30 min "**Solenergi**", Fikk 3. prisen på International Industrial Film and Video Congress i Rotterdam - 92.

### Utdannelse:

- 2005 EAVE2005. Workshop med Europeisk dokumentarprosjekt – High Hopes
- 1985-2005 Norsk filmutvikling, div kurs: Scriptwriting, personinstruksjon, dokumentar
- 1988-1990 Oppland Distriktshøgskole/ Lillehammer. Fjernsynsregi.
- 1984-1986 Bifag i Filmvidenskab. Københavns Universitet
- 1982-1984 Kunsthistorie, Sosiologi, og Administrasjon og organisasjonsvidenskap. Cand.mag. Universitetet Bergen

### Profesjonelle verv etc

- Styremedlem Vestnorsk Filmsenter
- Jury: FaBu Filmfestival, Ungdomsfilmfestivalen i Ryfylke, BP Prize HiS, Leder Norsk Filmforbund Sørvestlandet
- Etableringsstipend 2002, Statens kunstnerstipend 2005 og 2015, Div.stipend 2010 Stavanger kommunes manusstipend 2009



Møtedato 27.10.2016	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 49/16 Støtteuttale frå Hardangerrådet til Genbank Hardangerfjorden.  
Jfr. Utkast til Statsbudsjett 2017.**

**Saksvedlegg:**

Medienotat – bakgrunn og hensikt genbank. Fra miljødirektoratet  
Statsbudsjett Genbank Hardangerfjorden

**Saksutgreiing:**

Situasjonen for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden er svært alvorleg. Årsakene til dette er samansett, men det er semje i kunnskapsmiljø om at auken i oppdrettsbiomassen sidan 1980-tallet og fram til i dag kan forklara store deler av bestandsnedgangen for villaks og sjøaure i området.

Ein genbank som tek vare på gen-variasjonen frå både sjøaure og laks vil kunne hindra at ein tapar desse bestandene medan styresmaktene og oppdrettsnæringa prøver å løysa utfordringane med lakselus og rømt oppdrettsfisk i Hardangerfjorden. Det vart i 2013 vedteke å sikra dei aktuelle bestandane av sjøaure og villaks frå regionen i både levande og frosen genbank. Overordna mål er imidlertid at miljøutfordringane skal kunne løysast raskast råd, slik at behovet for genbank vert av kortast mogeleg varigheit, og at fisket på nytt kan opnast til glede for fiskerettshavarar, sportsfiskarar og turistnæringa.

I bevaringsarbeidet i Hardanger tek ein sikte på å samla inn levande fisk frå eit 20-tals vassdrag, både laks og sjøaure. Dei vert samla på mottaksstasjonen til Statkraft i Eidfjord. Her vert fisken testa for genetikk og sjukdom samt stroken for rogn og melke. Melke frå alle bestandar vert frosne ned og lagra i flytande nitrogen. I eit utval av bestandane vert egg befrukta og ala opp til ny stamfisk i levande genbank. Då kan avkoma av desse førast tilbake til dei vassdraga der dei høyrer heime.

Ei rekkje laksefiskbestandar i Norge er i dag utsette for så sterke påvirkningar at det har vorte naudsynt å leggja dei inn i genbank. Fleire av dei aktuelle vassdraga mottar desinfisert rogn frå genbanken for å styrkja eller reetablere bestanden når miljøpåverknadene er redusert eller fjerna.

Feltarbeidet i Hardanger vert utført på oppdrag frå Miljødirektoratet og det vert leia lokalt av Fylkesmannen i Hordaland.

Når Regjeringa i forslaget til statsbudsjett no gjer framlegg om å avslutte bevaringsarbeidet i Hardangerfjordregionen, vil dette høgst truleg føre til at bestandane av laks og sjøaure går tapt. All forskning og erfaring viser at dei negative påverknadane framleis er minst like sterke som då arbeidet med Genbanken vart vedteke.

**Saksvurdering:**

Hardangerrådet støttar Hardangerfjord Villfisklag sin uttale for å vidareføra genbank for Hardangerfjordbestandane av villaks og sjøaure.



**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet gjev slik uttale til Energi- og miljøkomiteen, Stortinget.

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering.

Naturen er ein sær s viktig faktor for vekst og utvikling av regionen og dei naturlege bestandane av villaks og sjøaure i Hardangerfjorden må ivaretakst. Turismen i Hardanger viser stor auke og arbeidet med å ta vare på villaks- og sjøaurebestandane vil vera sær viktig å fortsetja.

Genbank prosjektet har vist at det lokalt ligg eit stort og breidt engasjement for villaksen og sjøauren. Viljen til å bidra til å få denne unike ressursen tilbake på eit haustbart nivå er stor. Prosjektet involverer på tvers av generasjonar, gir tilfang til deltaking frå alt frå barnehageborn til spreke pensjonistar. Hardangerbygdene har ein nærleik til vassdraga som i mange bygdelag framstår som ei livsnærve gjennom bygdesamfunna.

Når Regjeringa i forslaget til statsbudsjett no gjer framlegg om å avslutte bevaringsarbeidet i Hardangerfjordregionen, vil dette høgst truleg føre til at bestandane av laks og sjøaure går tapt. All forskning og erfaring viser at dei negative påverknadane framleis er minst like sterke som då arbeidet med Genbanken vart vedteke.

Hardangerrådet ber med dette Energi- og miljøkomiteen om å ta løyvinga til etableringa av Genbank Hardangerfjord inn att i budsjett til Klima- og miljødepartementet, slik at dette viktige arbeidet kan halda fram.

# HØSTENS FELTARBEID FOR INNSAMLING AV GENMATERIALE AV TRUEDE VILLFISKBESTANDER I HARDANGER STARTER NÅ.

## BAKGRUNN

Situasjonen for villaks og sjøørret i Hardangerfjorden er svært alvorlig. Årsakene til dette er sammensatt, men det er enighet i kunnskapsmiljøene om at økningen i oppdrettsbiomassen siden 1980-tallet og fram til i dag kan forklare store deler av bestandsnedgangen for villaks og sjøørret området.

En genbank som bevarer gen-variasjonen fra både sjøørret og laks vil kunne hindre at en taper disse bestandene mens myndighetene og oppdrettsnæringen forsøker å løse utfordringene med lakselus og rømt oppdrettsfisk i Hardangerfjorden. Det ble i 2013 besluttet å sikre de aktuelle bestandene av sjøørret og villaks fra regionen i både levende og frossen genbank. Overordnet mål er imidlertid at miljøutfordringene skal kunne løses raskest mulig, slik at behovet for genbank blir av kortest mulig varighet, og fisket igjen kan åpnes til glede for fiskerettshavere, sportsfiskere og turistnæringen.

## GENBANK

Genbank for laksefisk er et viktig virkemiddel for å sikre arvematerialet fra norske laksefiskpopulasjoner. Daværende Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) startet i 1986 arbeidet med å etablere slike genbanker. Vi har to typer genbanker for laksefisk; frossen genbank og levende genbank.

Det praktiske arbeidet i Hardanger går ut på å samle inn kjønnsmoden hunn- og hanfisk. Dette krever god organisering og deltakelse fra mange aktører. Hardanger villfisklag sammen med Veterinærinstituttet koordinerer med de lokale lag og organisasjoner i regionen. Feltarbeidet vil pågå i flere måneder utover høsten i mange år fremover, til man er sikker på å ha samlet inn nok genetisk variasjon fra regionen. Dette arbeidet medfører betydelige kostnader for Miljøforvaltningen. Feltarbeidet i regionen inklusive gentester og sykdomskontroll vil beløpe seg til nær fire millioner kr årlig. Å holde en bestand i levende genbank er kostnadsberegnet til om lag en million kr pr år.

I bevaringsarbeidet i Hardanger tar en sikte på å samle inn levende fisk fra et 20-talls vassdrag, både laks og sjøørret. De blir samlet på mottaksstasjonen til Statkraft i Eidfjord. Her blir fisken testet for genetikk og sykdom samt strøket for rogn og melke. Melke fra alle bestander fryses ned og lagres i flytende nitrogen. I et utvalg av bestandene befruktes egg som ales opp til ny stamfisk i levende genbank. Da kan avkommene av disse føres tilbake til de vassdragene hvor de hører hjemme.

En rekke laksefiskbestander i Norge er i dag utsatt for så sterke påvirkninger at det har blitt nødvendig å legge dem inn i genbank. Flere av de aktuelle vassdragene mottar desinfisert rogn fra genbanken for å styrke eller reetablere bestanden når miljøpåvirkningene er redusert eller fjernet.

Feltarbeidet i Hardanger utføres på oppdrag fra Miljødirektoratet og ledes lokalt av Fylkesmannen i Hordaland.

Les mer på; <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Arter-og-naturtyper/Villaksportalen/Bevaringstiltak/Genbank-for-villaks/>

Hardangerfjorden, 15.10.2016

Energi- og miljøkomiteen v/leiar Ola Elvestuen  
Stortinget

## Genbank for Hardangerfjordbestandane

Stoda for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden er svært alvorleg. Årsakene til dette er samansett, men i kunnskapsmiljøa er det stor semje om at auken i oppdrettsbiomasse sidan 1980-talet og fram til i dag er forklaringa på den dramatiske bestandsnedgangen i dette området. Etableringa av ein genbank for Hardangerfjordbestandane er ei erkjenning av denne situasjonen og skal være ein redningsaksjon i ein overgangsfase til stoda i fjordsystemet er under kontroll.

Når Regjeringa i forslaget til statsbudsjett no gjer framlegg om å avslutte bevaringsarbeidet i Hardangerfjordregionen, vil dette høgst truleg føre til at bestandane av laks og sjøaure går tapt. All forskning og erfaring viser at dei negative påverknadane framleis er minst like sterke som då arbeidet med Genbanken vart vedteke.

### Om genbank

Grunna truslane mot det genetiske mangfoldet og verdiane dette mangfoldet representerer vart genbankprosjekta starta i 1986. Genbankprogrammet består av levande genbankar (landbaserte fiskeanlegg) og vel 200 bestandar i frosen genbank (frosen spermie på flytande nitrogen).

### Hardangerfjordbestandane

Arbeidet med innsamling av biologisk materiale starta hausten 2013 og det er fram til i dag lagt ned ein stor innsats i oppstart og organisering av feltaktivitetar i regionen. Genanalysar av det innsamla materialet har vist at det er og vil være ressurskrevande å ta ut reint villaksmateriale. Dette grunna høg innblanding over lang tid av rømd oppdrettslaks som har påverka relativt små sårbare bestandar. Likeeins er stoda for sjøaure svært kritisk i dei fleste av vassdraga og særleg i midtre deler av fjordsystemet, grunna negativ påverknad av lakselus over fleire tiår.

### Lokal deltaking og entusiasme

Gjennom bevaringsarbeidet er det utløyst stor lokal innsats og entusiasme i dei 22 vassdraga som er omfatta av Genbank Hardangerfjord. Dette er vassdrag som i lang tid har vore utan haustbare bestandar og der den lokale aktiviteten har forvittra saman med nedgangen i lakse- og sjøaurebestandane. Eit stort antal personar knytt til elveeigarlaga, jakt- og fiskelaga og andre interesserte bidrar i innsamlingsarbeidet, ved tilbakeføring av rognmateriale og ellers ved gjennomføringa av aktivitetar i prosjektet. Vi opplever ein genuin entusiasme for prosjektet sin målsetnad frå alle involverte og frå lokalsamfunna ellers.

## **Potensialet ved sterke haustbare bestandar av villaks og sjøaure i Hardangerfordbygdene**

Hardangerfjorden er i reiselivssamanheng eit av Noregs sterkaste merkenamn. Eit reiseliv som er etablert og tufta på regionen sine naturgjevne fortrinn; fjord, fonn, fjell og vassdrag. Livskraftige og haustbare bestandar av laks og sjøaure i fjord og vassdrag vil bidra til å forsterke denne stillinga. I ein region med lokalsamfunn som i lang tid slit med fråflytting, vil gode fiskemoglegheiter av mange bli vurdert som positivt ved val av bustadskommune. Kvar Hardangerbygd har eit laksefiskførande vassdrag og haustbare bestandar vil utgjere eit fantastisk potensiale for næringsaktivitet, positivt miljøengasjement og -oppleving.

## **Mange verdiar knytt til prosjektet**

Genbank prosjektet har vist at det lokalt ligg eit stort og breidt engasjement for villaksen og sjøauren. Viljen til å bidra til å få denne unike ressursen tilbake på eit haustbart nivå er stor. Prosjektet involverer på tvers av generasjonar, gir tilfang til deltaking frå alt frå barnehageborn til spreke pensjonistar. Hardangerbygdene har ein nærleik til vassdraga som i mange bygdelag framstår som ei livsnærve gjennom bygdesamfunna.

Hardangerford Villfisklag ber med dette om at Energi- og miljøkomiteen om å ta løyvinga til etableringa av Genbank Hardangerfjord inn att i budsjett til Klima- og miljødepartementet, slik at dette viktige arbeidet kan halde fram.

Beste helsing

**Hardangerfjord Villfisklag**

Sven-Helge Pedersen  
leiar